

Partiet De Kristne Stryn
Jan Gudmund Skrivervik
jgskrivervik@gmail.com

Partiet De Kristne Stryn: Spørsmål om omgjering av vedtak om avkorting av statsstøtte i 2020

Partilovnemnda vedtok 13. november 2020 å avkorte den statlege partistøtta til Partiet De Kristne Stryn i 2020 fordi partiledet ikkje hadde oppfylt plikta si etter partilova § 18 til å sende økonomirapport for 2018 innan fristen 1. juni 2019. Vanleg praksis i denne type saker har vore at Partilovnemnda avkortar heile støtta. Av di Partilovnemnda hadde brukt lang tid på handsaminga og partiledet var utan skuld i forseinkinga, fann ho likevel grunn til å redusere avkortinga til 50 % av den statlege partistøtta.

Merknader frå partiledet

I brev av 20. november 2020 til Partilovnemnda skriv leiar i Partiet De Kristne Stryn, Jan Gudmund Skrivervik, at han etter ei telefonsamtale med Daniel Giske 13. november fann behov for å utdjupe to forhold som han meiner ikkje kom godt nok fram i prosessen som leda fram til vedtaket om avkorting av partistøtta. Han skriv blant anna:

«Då eg i 2019 prøvde å gå inn i Partiportalen for å gjere nødvendige og lovpålagte registreringar, blir eg møtt med grøne haker og beskjed om at vi som lokalparti « ikkje er pliktig å sende inn økonomirapport for rekneskapsåret 2018». Då slår eg meg til ro med det og tenker: 'Ok, det må vere fordi vi vart stifta i juli, altså i 2. halvår av 2018, at kravet om økonomirapport fell bort.' Eg burde sjølv sagt ha visst betre men eg tok det som stod i partiportalen for god fisk.

Det andre eg vil nemne er dei 3 e-postane vi fekk 28. okt. 2019 frå Partilovnemnda. Den første hadde overskrift «Manglande økonomirapportering 2019 - varsel om mogleg vedtak om avkorting.....» I e-posten bes det om svar innan 14 dagar. Rett etterpå kjem der ein ny e-post der vi blir bedt om å sjå bort frå e-post angående manglande økonomirapportering 2019 fordi den er ei feilutsending. Så kjem e-post nr. 3 der det står at den første e-posten med varsel vedlagt er gjeldande og skal svarast på innan 14 dagar.

Då eg snakka med Daniel Giske for ei veke sidan, etter å ha fått vedtaket om avkorting av partistøtte, forstod eg endeleg kvifor Partiportalen hadde gitt beskjeden om «ikkje pliktig økonomirapportering for 2018» og dei grøne hakene. Det har jo sjølv sagt samanheng med når vi vart registrert der. Lokalpartiet vårt vart registrert i Brønnøysundregistra 03.09.2018 med org.nr. 921 330 707. Og alt tyder jo på at vi ikkje vart registrert i Partiportalen før i 2019. Det forklarar iallfall dei grøne hakane vedrørende økonomirapportering for 2018. Partiportalen trudde vi ikkje eksisterte i 2018 og gav oss dermed fritak for 2018 rapporteringa. Det ser eg no.

E-post:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Adresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

Eit spørsmål som treng svar er dette: Hvis det står grønne haker og ein beskjed om «ikkje pliktig å rapportere», vil systemet gje meg tilgang til å rapportere likevel? Eg huskar ikkje om eg prøvde, men svaret på spørsmålet vil eg tru har betydning for denne saka.

Eg syns det var viktig å få fram vårt lokalparti si side av denne saka. Det er rett at vi burde ha kjent til regelverket betre og også teke kontakt angående beskjeden/grønne haker i Partiportalen.

Samtidig er der ein god porsjon av å handle i god tru i alt dette frå vår side. Og fram og tilbake e-postane frå oktober 2019 bidrog ikkje akkurat til at ting vart klarare. Det går fram av brevet om vedtak om avkorting av partistøtte at det ikkje kan ankast. Men der står også at vedtaket kan omgjerast om grunnlaget for vedtaket viser seg å vere utilstrekkeleg. Vi har tru på at det underteikna har prøvd å få fram i dette tilsvaret vil endre grunnlaget for vedtaket om avkorting. Og at vedtaket kan bli omgjort i vår favør.»

På spørsmål frå Partilovnemnda om når i løpet av 2019 han forsøkte å rapportere, skriv Skrivervik i e-post 1. desember 2020:

«Hei, på oppfordring kjem her ei kort oppsummering av moment nemnt i telefonsamtale med Daniel Giske tidlegare i dag.

I tilsvaret mitt nemner eg, og viser til, utskrift frå Partiportalen frå okt-19 der eg fann grønne haker på PDK Stryn. Eg er ganske sikkert på at eg var inne på Partiportalen også tidlegare i 2019 og vart også då møtt med dei grønne hakane. Andre partiledde, særlig fylkespartiet, har eg jamnleg kontakt med og eg vart kontakta og minna på å sjekke Partiportalen og rapportere det som skulle rapporterast der. Det ville iallefall vere ukarakteristisk for meg å ikkje sørge for at slik rapportering vart gjort.»

Partilovnemnda sitt syn på saka

Sjølv om ein ikkje kan klage på Partilovnemnda sine vedtak, vil ho i praksis sjå på vedtak på ny dersom eit parti sjølv ønskjer det. Omgjering kan bli aktuelt til dømes dersom vedtaket byggjer på ein feil som kan ha hatt verknad for utfallet, jf. forvaltningslova § 35.

Partilovnemnda sitt vedtak av 13. november 2020 tok utgangspunkt i at Partiet De Kristne Stryn sjølv har ansvar for å følgje lova og rapportere innan fristen. Partiledet blei oppretta sommaren 2018 og hadde rapporteringsplikt i 2019. Årsaka til at partiportalen ga melding om det motsatte da Skrivervik prøvde å rapportere, var at partiledet ikkje hadde registrert naudsynt informasjon i portalen. Sidan Partilovnemnda hadde brukt for lang tid på avgjere saka, blei avkortinga likevel redusert til det halve.

Den uklære kommunikasjonen frå det offentlege si side 28. oktober er klart uheldig. På denne tida var det likevel om lag fem månader sidan rapporteringsfristen etter lova (1. juni 2018) løp ut, og rapportering på denne tida ville heller ikkje ha kome med i underlagsmaterialet for den årlege meldinga om partifinansiering frå Statistisk sentralbyrå til Partilovnemnda, der status for partia sine rapporter for året før vert offentleggjort. Etter sikker praksis ville rapportering per 28. oktober i alle tilfelle ha vore for seint til å unngå vedtak om avkorting.

Samstundes er det rimeleg å tru på det Skrivervik sjølv skriv om at han var inne i partiportalen vesentleg tidlegare, at han då vil ha funne den same meldinga om at rapport ikkje var naudsynt, er klårt. Sjølv om vidare dokumentasjon manglar, gjer ikkje minst det han nemner om påminning frå fylkespartiet, at overtydinga hans om tidlegare forsøk er truverdig.

At PDK Stryn ikkje har oppfylt den lovfesta plikta til å rapportere økonomien sin i 2018, står fast. I lys av uklår kommunikasjon frå det offentlege si side og av di saka er gamal, har Partilovnemnda likevel funne grunn til å endre reaksjonen sin frå avkorting av statsstøtta til vedtak om formell åtvaring. Åtvaringa inneber at nye brot på partilova eller regelverk fastsett med heimel i lova dei to første åra frå datoen for dette vedtaket, kan føre til ein strengare sanksjon enn det som elles ville ha vore norma for tilsvarande brot, inkludert avkorting av heile eller delar av den offentlege partistøtta for det neste kalenderåret.

Med heimel i partilova § 28 jamfør § 18 nr. 2, gjer Partilovnemnda følgande

vedtak:

Partilovnemnda sitt vedtak av 13. november 2020 gjerast om slik at Partiet De Kristne Stryn får ei formell åtvaring.

Saken ble handsama i møte 10. desember 2020 med tilslutning av alle medlemmene.

**

Partilovnemnda kan sjølv gjere om vedtaka sine dersom grunnlaget for vedtaket viser seg å ha vært utilstrekkeleg eller kompetanse til omgjering følger av forvaltningslova § 35 nr. 1 og nr. 5. Elles er søksmål for domstolane einaste moglegheit for å få vedtaket overprøvd, jf. partilova § 28 nr. 2.

**

Nemnda minner om at oppdatering av partiets si kontaktinformasjon minst ein gang årleg i Partiportalen (www.partiportalen.no) og innlevering av økonomirapport innan utløpet av gjeldande frist, vil være tilstrekkeleg til å unngå avkorting i partistøtta for seinare år av valperioden.

For Partilovnemnda

Eivind Smith
leiar

Daniel Giske
sekretariatsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

Partiet De kristne Vestland, tomas.moltu@gmail.com

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, postmottak@kmd.dep.no